

Anita Hammerhaug Lilleskare  
Ikenberget 21 A  
5911 ALVERSUND

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/13638 - 21/21833

Saksbehandlar:  
Tone Furustøl  
tone.furustol@alver.kommune.no

Dato:  
30.03.2021

## Melding om vedtak i Utval for areal, plan og miljø - gbnr 148/3 Lilleskaret

**Tiltak:** arealoverføring  
**Byggjestad:** Gbnr: 148/3  
**Tiltakshavar:** Ørjan Lilleskare  
**Ansvarleg søkjar:**

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om arealoverføring - gbnr 148/3  
Lilleskaret vart handsama av Utval for areal, plan og miljø i møte den 24.03.2021 i sak  
20/13638 med saknr. 051/21, der følgjande vedtak vart fatta:

### «APM- 051/21 Vedtak:

Med heimel i pbl § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå bygge- og deleforbudet i strandsona, jf pbl § 1-8, og arealføremålet i LNF i kommunedelplanen for Lindaås for arealoverføring frå gbnr. 148/3 til gbnr 148/10

Grunngjeving:

Søkjar ynskjer å etablere kjørevei fram til hytta, samt byggje eit tilbygg på hytta.

APM har hatt dronesynfaring av tiltaket, grunna koronasituasjonen.

Området slik det er i dag, er bratt og ulendt og svært vanskeleg for gardsdrifta å vedlikehalde av bonden på gbnr 148/3. Det ikkje er forsvarleg å kjøre traktor med slåtteutstyr. Med å få ein vei etablert, vil det forenkla og gje lettare tilgang for bonden å slå resten av området. Slik APM- utvalet ser det, vil det ikkje få negative konsekvensar for landbrukseigedomen, snarare tvert om. Tiltaket vil heller ikkje komme i konflikt med naturmangfaldslova.

Omsøkt arealoverføring vil i liten grad påverke tilkomst til sjø. Vegen ned til sjøen er den naturlege tilkomsten og areala i sjølve strandsona vert lite påverka av frådeling frå landbrukseigedomen. Apm utvalet kan heller ikkje sjå at det vert auka privatisering og mindre tilgjenge for ålmenta.

Gbnr 148/10 har i dag særst vanskeleg og tung adkomst via mange bratte trapper, lite tilgjenge for personar med nedsatt funksjonsevne. Å få veg til hytta vil letta tilkomsten for

personar i alle generasjonar.

Tilbygget på hytta meiner APM-utvalet er eit mindre tiltak som ikkje vil hindra ålmenta tilgang til å nytta området ved sjøen. I 2021 har tida endra seg i bruk av hytte. Ofte er det fleire generasjonar som ynskjer å samlast på hytta og tiltaket vil ikkje skapa negativ verknad for omgjevnaden eller meir privatisering

Etter ei samla vurdering meiner APM-utvalet at fordelane er klart større enn ulempene ved å gje dispensasjon.»

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reist søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Tone Furustøl  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Tinglyst veirett - gbnr 148/3 Lilleskaret

Brev frå Kartverket, erklæring om rett til fast eigedom, kart og grunnbokutskrift

Rett til å bygge veg frå gbnr 148/8 til gbnr 148/10 - gbnr 148/3 Lilleskaret

Erklæring om rettighet i fast eiendom og kart

Klage på avslag - tilleggsinfo til søknad om arealoverføring - gbnr 148/3 Lilleskare

Kart

Klage på avslag på søknad om dispensasjon og søknad om arealoverføring - gbnr 148/3 Lilleskaret

Klage på avslag på søknad om arealoverføring - gbnr 148/3 Lilleskare

Situasjonskart vedlagt klagen - trasè for tilkomstveg og tilbygg

Avslag på dispensasjon og avslag på søknad om arealoverføring - gbnr 148/3 Lilleskaret

Søknad om arealoverføring - gbnr 148/3 Lilleskaret

Situasjonskart

### Kopi til:

Anita Hammerhaug Lilleskare	Ikenberget 21 A	5911	ALVERSUND
Kristoffer Lilleskare	Åsane Senter 22	5116	ULSET
Ørjan Lilleskare	Ikenberget 21 A	5911	ALVERSUND

### Mottakarar:

Anita Hammerhaug Lilleskare	Ikenberget 21 A	5911	ALVERSUND
Kristoffer Lilleskare	Åsane Senter 22	5116	ULSET

**Mottakarar:**  
Ørjan Lilleskare

Ikenberget 21 A

5911 ALVERSUND